Tårnagenthelg i kyrkja neste helg. 04.03.2016

Frå Tårnagentgudstenesta 2014.

Laurdag og søndag 12.og 13.mars vert alle 9-åringar og 10-åringar(fødd i 2006 og 2007) invitert til å vera Tårnagent i Uskedal kyrkje. Dette er eit fast opplæringsprogram som lærer borna til å verta betre kjend med både kyrkja og Bibelen.

Tårnagentane som deltar, vil vera med å gå på skattejakt, løyse oppdrag og mysterium. Leiarane vil fortelja om påsken, og då spesielt om nattverd, som det vil vera på gudstenesta på sundagen. Tårnagentane vil få ein eigen agentkode, og på søndagen vil alle som kjem til kyrkja, få vite kva agentane har funne ut.

På laurdagen byrjar dei kl.11 00. og avsluttar kl.15 00. Då blir det servert mat ogdrikke i løpet av dagen.
Søndagen er det oppmøte kl. 15 00, og gudstenesta byrjar kl.17 00.
Då er det sjølvsagt kjekt om tårnagentane inviterer dei ein ønskjer, til gudstenesta, som sjølvsagt er ei **Tårnagentgudsteneste!**

Leiarane treng nokon som kan vere med å hjelpe til med praktiske oppgåver nokre timar denne helga, som t.d. å følgje borna opp i kyrkjetårnet, hjelpe til med maten, og gå saman med dei på skattejakt. Dei håpar foreldre eller andre kan hjelpa til med dette.

Påmelding for barn og hjelparar skjer innan onsdag 09.03.2016 på **www.kyrkja.no/kvinnherad.**
Det må vere minimum 8 stk som melder seg, og dersom ein har spørsmål, kan ein kontakta Kyrkjekontoret: Tlf. 53 48 27 40/Toril Langeland: Tlf. 90 95 88 98.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen